

**"Forskrift om unnatak frå konkurranselova for samarbeid mv. mellom einskilde grupper privatpraktiserande legar, psykologar og fysioterapeutar.**

(Fastsett ved kgl.res. ..... 2009 med heimel i lov 5. mars 2004 nr. 12 om konkurranse mellom foretak og kontroll med foretakssammenslutninger (konkurranselova) § 3 andre ledet. Fremja av Fornyings- og administrasjonsdepartementet. )

**§ 1 Føremål**

Føremålet med denne forskrifta er å avgrense bruken av forboda i konkurranselova mot avtaler om basisgodtgjering/driftstilskot og takstar som vert inngått mellom staten, ved Helse- og omsorgsdepartementet og dei regionale helseforetaka, og KS på den eine sida, og Den norske legeforening, Norsk Psykologforening og Norsk Fysioterapeutforbund på den andre sida.

**§ 2 Unnatak for samarbeid innan grupper av helsepersonell som har avtale med helseforetak eller kommune om drift av privat praksis**

Konkurranselova § 10 og § 11 vert ikkje nytta på avtaler, avgjerder, samordna praksis mellom, eller einsidige handlingar gjort av legar, psykologar, fysioterapeutar eller deira organisasjonar. Dette gjeld berre når handlingane er naudsynte for å kunne forhandle fram og gjennomføre avtaler mellom desse, staten og kommunane om basisgodtgjering/driftstilskot og takstar.

**§ 3 Plikt til å påvise heimel**

På førespurnad frå konkurransestyresmaktene pliktar alle som vil nytte unnataket i § 2 å gjere greie for kva for avtale nemnd i § 2, som regulerer forholdet.

**§ 4 Virketid**

Forskrifta trer i kraft straks og gjeld i 5 år. "